



REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 03/2025 | Klokkeslett: 09.00- 12.00 | Dato: 25.04.2025

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Anders Kjetland

Dato: 08.05.2025

	Namn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, leiar i styringsgruppa
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Sara Hamre Sekkingstad	Ordførar, Alver kommune
	Yngve Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Eivind Nævdal-Bolstad	Byråd, Bergen kommune
	Liv Signe Navarsete	Statsforvaltar Vestland
	Geir Vangen	Seksjonsleiar, Jernbanedirektoratet
Andre	Kari Gåsemyr	Sekretariatsleiar, Miljøløftet
	Nils Magne Slinde	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Tor Corneliusen	Bergen kommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Synnøve Stalheim	Statsforvaltaren i Vestland
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Ørjan Raknes Forthun	Askøy kommune
	Christian Fredrik Fotland	Alver kommune
	Hilde Heggheim	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Hans Martin Moxnes	Bergen kommune
	Sondre Hillestad	Bergen kommune
	Synnøve Vilsvik	Sekretariatet
	Anders Kjetland	Sekretariatet
	Erlend Otterå	Sekretariatet

Saksliste byvekstavtalen

- | | |
|-----------|---|
| Sak 28/25 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| Sak 29/25 | Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 12.03.2025 |
| Sak 30/25 | Utbetalig av belønningsmidlar i 2025 |
| Sak 31/25 | Orientering frå Vestland fylkeskommune om årlege ruteendringar i Skyss |
| Sak 32/25 | Orientering om sekretariatet sitt forslag til prioritering av post 30-66 midlar |
| Sak 33/25 | Handlingsprogram 2026-29 |
| Sak 34/25 | Årsmelding |
| Sak 35/25 | Resultata frå reisevaneundersøkinga 2024 |
| Sak 36/25 | Status for arbeidet med byutgreiinga |
| Sak 37/25 | Eventuelt, byvekstavtalen |

Saksliste bypakke Bergen

- | | |
|-----------|---------------------------|
| Sak 38/25 | Eventuelt, bypakke Bergen |
|-----------|---------------------------|

Saksliste byvekstavtalen

Sak 28/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 29/25 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 12.03.2025

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 30/25 Utbetaling av belønningsmidlar i 2025

Synnøve Vilsvik frå sekretariatet orienterte. Sekretariatet har bedt alle kommunane om å gjere ei ny vurdering av behov for utbetaling av belønningsmidlar i år, tilpassa dei totale rammene i statsbudsjettet og på fond. Tabell 3-7 i saksgrunnlaget viser det som er rapportert som behov frå kommunane.

Vedtak: Styringsgruppa stiller seg bak disponering av belønningsmidlar i 2025 i tråd med tabell 3-7 i saksgrunnlaget.

Sak 31/25 Orientering frå Vestland fylkeskommune om årlege ruteendringar i Skyss

Det er sett av 11 MNOK av belønningsmidlar til drift av kollektivtransporten til å styrke rutetilbodet i byvekstområde i dialog med kommunane i 2025. Unntaket er Askøy, der det er ein eigen prosess og budsjett for ei større ruteomlegging.

Målfrid Vik Sørstabø, Skyss, gjekk gjennom innspel frå kommunane og kva tiltak Skyss vil gjennomføre. Dei ulike tiltaka vil komme i gang i løpet av august.

Terje Søviknes, Bjørnafjorden, sa seg fornøygd med at frekvensen for linje 600 var styrka, men at dei i Bjørnafjorden framleis ønskte seg eit ekspresstilbod for linje 600 for å styrke konkurranseskrafta mot privatbil.

Sara Sekkingstad, Alver, ønskte også fleire ekspressruter for Alvers del.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering

Sak 32/25 Orientering om sekretariatet sitt forslag til prioritering av post 30-66 midlar

Kari Gåsemøy, sekretariatet, orienterte om forslaget til innbyrdes prioritering av prosjekt finansiert av post 30-66 midlar som har blitt sendt til prioritiseringsrådet og styringsgruppa for ev. innspel og merknader.

Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune, sa at Øygarden ikkje kunne slutte seg til forslaget til vedtak slik det låg no. Han såg det som utfordrande å prioritere fordi det innebar å akseptere at ein ikkje forventa å få dei midlane Staten har forplikta seg til i Byvekstavtalen.

Konkret var han bekymra for at prosjektet Skogsskiftet sentrumsområde ikkje ville komme i gang med det forslaget som var sendt til prioritering.

I det utsendte forslaget til prioritering var prosjekta prioritert etter måloppnåing og tidlegare løyvingar per kommune i høve til ramma i bytekstavtalen.

Det kom ingen innspel frå partane innan fristen som var sett, utanom merknaden frå Alver som var lagt ved sakspapira.

I diskusjonen vart det ytra ønske om ei meir nyansert vurdering av modningsgrad, og at ikkje berre måloppnåing skulle ligge til grunn. Det vart også påpeika at forslaget til prioritering ikkje samsvarer med innspel til revidert nasjonalbudsjett.

Av endringar var det eit samstemt ønske om å byte plass mellom Skogsskiftet sentrumsområde og Bildøyvegen /Straumsundet bru, begge i Øygarden, i den prioriterte lista.

Statens vegvesen meldte tilbake at det på møtetidspunktet framleis var tid til å gjere endringar, sjølv om opphaveleg frist var opplyst å vere 31. mars.

Dermed vart vedtaksforslaget justert, med dei endringane ein var einige om i møtet.

Vedtak: Styringsgruppa gir si tilslutning til den føreslegne prioriteringa for 2025 med justeringa som blei gitt i møtet om at prosjekta Skogsskiftet sentrumsområde og Bildøyvegen/Straumsundet bru endrar rekkefølge. Innspel blir sett i samanheng med innspel gitt i samband med revidert nasjonalbudsjett.

Sekretariatet vil kome tilbake til sak om prinsipp og framgangsmåte som kan bli nytta i drøftinga av innbyrdes prioritering av prioriterte prosjekt i framtida.

Sak 33/25 Handlingsprogram 2026-29

Erlend Otterå frå sekretariatet presenterte forslaget til handlingsprogram. Forslag til bruken av statlege tilskot blei vedtatt i førre styringsgruppemøte, så denne behandlinga gjaldt dei andre postane.

For dei fylkeskommunale midlane, er det midlar til dei prioriterte prosjekta i perioden, med 4 mill. kroner i rest. Når det gjeld belønningsmidlar til kommunane er alle midlane for handlingsprogramperioden disponert for Bergen kommune. Dei andre kommunane har så langt ikkje spelt inn prosjekt for heile den tilgjengelege finansieringa i handlingsprogramperioden.

For post 66- belønningsmidlar til drift kollektiv, var det gjort nokre mindre endringar i forhold til sak 50/24 (Bruk av Post 66-tilskot (belønningsmidlar) til drift av kollektiv, behandla i styringsgruppemøte 4. oktober 2024), som gir rom for å vidareføre prosjektet med samkjøring også i 2026.

Møteleiar Ingrid Dahl Hovland understreka at det er viktig å sikre modne prosjekt og god gjennomføringskraft for å unngå mindreforbruk.

Jon Askeland, VLK, meinte ein lokalt var i forkant og betre rusta til å leve på tid enn for eit par år tilbake, og klare til å gjennomføre dei innspelte prosjekta i tråd med framdriftsplan, så sant det blir løyva statlege midlar.

Det kom fram eit ønske om å legge inn ein tidfrist for ferdigstilling av handlingsprogram i etterkant av møtet. Det var semje om å ha som mål å få handlingsprogrammet ferdigstilt og utsendt innan 1. mai.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til Miljøloftet sitt handlingsprogram for 2026-2029, og ber sekretariatet ferdigstille dokumenta i samsvar med konklusjonane i møtet. Vedtatt handlingsprogram blir sendt til partane innan 1. mai for lokalpolitisk handsaming.

Sak 34/25 Årsmelding

Erlend Otterå frå sekretariatet gjekk gjennom utviklinga i indikatorar og resten av årsmeldinga.

Indikatorane viser at ein for 2024 har nådd målet om nullvekst i biltrafikk. Kollektiv viser god utvikling. Sykkelindeksemen viser ein nedgang. Her er det likevel litt usikre tal.

Kristian Bauge, Statens vegvesen, kommenterte på sykkeltala. Det blir arbeidd med å få utvida talet på målepunkt, samtidig som ein må passe på å ikkje telje dei same syklistane fleire gonger. Det skjer mykje med dette arbeidet, men ein er enno ikkje heilt i mål.

Det blir også arbeidd med ein indikator på trafikksikkerheit som skal inn i rapporteringa for alle byvekstavtalane.

Årsmeldinga fekk elles gode tilbakemeldingar frå styringsgruppa.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 35/25 Resultata frå reisevaneundersøkinga 2024

Tal frå den årlege reisevaneundersøkinga (RVU) var klare 27. mars. Erik Johannessen, Statens vegvesen, presenterte dei i møtet, med vekt på svara for Miljøloftet-områda.

Det er små endringar i tala samanlikna med 2023. Om ein ser utviklinga over tid har utviklinga for kollektiv, sykkel og gange gått opp, mens bilandelen har gått ned. Sykkel har hatt ein svak oppgang, men sykkelandelen, og tilgang til sykkel, er lågare enn for dei andre store byområda. Sykkelandelen er høyare og bilandelen lågare i Bergen samanlikna med dei andre Miljøloftet-kommunane.

Ei utfordring med undersøkinga er låg svarprosent.

Synnøve Stalheim, Statsforvaltaren, spurte om kven som svarte på undersøkinga. Johannessen opplyste at det er litt fleire eldre og fleire menn enn snittet som svarar. Men datagrunnlaget i undersøkinga er vekta for å unngå ei skeiv framstilling på kjønn, alder, geografi og reisedag.

Ho spurte også om ein hadde data for sykkelparkering. Erik Johannessen sa at han ikkje kjente til at det var spurt om dette i undersøkinga.

Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, viste dashbordet for utviklinga i indikatorar i byar med byvekstavtalar som ligg på SVVs nettsider:

<https://www.vegvesen.no/fag/fokusområder/nasjonal-transportplan/byvekstavtaler/byvekst/>

Her ligg mellom anna tala for RVU oppdatert, det same gjeld byindeksen, som blir oppdatert månadleg. Byindeksen viser ein aukande tendens og ligg for mars 2025 ein halv prosent over nullvekstmålet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 36/25 Status for arbeidet med byutgreiinga

Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, orienterte.

Han viste først til verkemiddelpakkane for kollektiv som skal modellerast i byutgreiinga. Her har ein i verkemiddelpakken som avspeglar dagens tilbod ikkje fått med endringane i ekspressruter presentert i sak 31/25. Om kommunane ønskjer å få dette med, ber ein om innspel på det så raskt som mogleg.

Kristian Bauge ga så ein status for arbeidet med utgreiinga. Arbeidet er i rute, og arealdataverktøyet (ADV) har vist seg nyttig.

Kristian Bauge ba også om tilslutning til ei endring i definisjonen av kva ein skal analysere i tiltaksbane 1 i byutgreiinga, frå arealbruk i tråd med «lokalt vedteken senterstruktur» til «referansebanen» i omlandskommunane og med «nedjustert» vekst i forhold til vedteken KPA i Bergen.

Det kom innspel om at formuleringa «referansebanen» var uklar. Ein vart einige om å endre dette til «i tråd med vedteken KPA» (kommuneplanens arealdel), som i praksis inneber det same som «referansebanen».

Formålet med å endre definisjonen av tiltaksbane 1 er å få ein tydelegare forskjell mellom tiltaksbanene det skal analyserast på (dei modellerte arealbruksalternativa) – frå mindre strenge til strengare krav til senterstruktur. Vedteken KPA i nokre av omlandskommunane legg opp til meir spreidd bustadbygging enn lokal vedteken senterstruktur, og er dermed eit meir eigna utgangspunkt for tiltaksbane 1.

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til endringa i tiltaksbane 1 i byutgreiinga og tek elles saka til orientering.

Sak 37/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Ingen saker meldt.

Saksliste bypakke Bergen

Sak 38/25 Eventuelt, bypakke Bergen

Ingen saker meldt.